



KVAM KOMMUNE
Grovagjelet 16
5600 NORHEIMSUND

Dato: 31.08.2018
Vår ref.: 2018/11004-15
Saksbehandlar: liztoll
Dykkar ref.:

Melding om vedtak - Fråsegn til kommuneplanens arealdel for Kvam herad

Vi viser til brev datert 08.05.2018 der oppstart av kommuneplan Kvam var sendt på høyring.

Saka var handsama 21.8. i utval for kultur, idrett og regional utvikling.

Det vart gjort følgjande vedtak:

«Saka vert utsett. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om synfaring før endeleg vedtak»

Eva Katrine Ritland Taule
fagleiar kommunal plan

Liz Eva Tøllefsen
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Ut Arkivsak:

Arkivnr: 2018/11004-11

Saksbehandlarar: Liz Eva Tøllefsen, Eva Katrine Taule, Jostein Aksdal, Elizabeth Warren, David Aasen Sandved, Jomar Ragnhildstveit, Gunhild Raddum, Endre Korsøen, Tale Halsør.

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling	99/18	21.08.2018

Fråsegn til kommuneplanens arealdel for Kvam herad

Samandrag

Kvam herad har sendt kommuneplanens arealdel på høyring og har fått utsett frist for å gje fråsegn grunna politisk handsaming til 24.august 2018.

Tema for rulleringa av kommuneplanens arealdel er stadsutvikling, bustad, livskvalitet, næring og infrastruktur. Kommunen har rydda opp i gjeldande reguleringsplanar og vurdert kva slags planar som skal vidareførast, kva planer som skal vidareførast med endringar, og i kva tilfelle den nye kommuneplanens arealdel skal gå føre reguleringsplanar. Alt areal med unntak av kommunedelplan for Kvamskogen er del av planframlegget. Det er og gjort ei opprydding i og vurdering av eksisterande reguleringsplaner.

Planen er oversiktlig og gjer godt greie for dei plangrepa kommunen legg opp til. Kommunen har lagt ned eit godt arbeid for å etablere eit brukarvenleg nettbasert arealplankart med tilgjengeleg informasjon.. Planskildringa gjev god informasjon og føresegnene er godt strukturert. Med oppstart i 2013 har det har vore ein lang prosess med å få planen i hamn, men det har vore god dialog gjennom heile planprosessen. Mellom anna har kommunen nytta regionalt planforum to gonger for å få innspel i prosessen.

Fylkesrådmannen meiner omsynet til regionale interesser generelt er godt ivaretatt. I planforslaget er det lagt vekt på fortetting og utbygging i vekstsoner definert i kommuneplanen, samstundes som det er eit mål å oppretthalde og vidareutvikle gode og levande lokalsamfunn, noko som er i tråd med mål og retningslinjer i *Regional areal- og transportplan* og *Regional plan for attraktive senter*.

Planen har likevel nokre konfliktpunkt mot regionale interesser når det gjeld sentrumsavgrensing og handel, akvakultur, kulturminne og kulturmiljø, næring og samferdsel.

Fylkesrådmannen ser det som positivt at Kvam herad er nesten ferdig med kommunedelplan for kulturminne 2017 – 2027 (på høyring juni 2018), men det kjem ikkje klårt fram korleis kommuneplanen har tatt opp i seg funn og prioriteringar frå kulturminneplanen. Fylkesrådmannen meiner kommunen bør framheve arbeidet som er gjort med kulturminneplanen og utgreie korleis kommunen kan ta vare på verneverdige kulturminne/kulturmiljø med stor lokal/regional verdi gjennom kommuneplanens arealdel

Forslag til vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ser det som viktig og positivt at Kvam herad har rullert arealdelen av kommuneplanen og får ein kommuneplan med felles planskildring, plankart og føresegner for heile kommunen, med unntak av Kvamskogen. Planframlegget er hovudsakleg i samsvar med regionale mål og føringar. Det heilskaplege og tilgjengelege planframlegget vil gi eit godt styringsverktøy for arealforvaltninga i kommunen og legg til rette for innsyn og einsarta sakshandsaming.
2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling er positive til at det i planforslaget vert prioritert å satsa på fortetting og utbygging i vekstsoner definert i kommuneplanen, samstundes som det er eit mål å oppretthalde og vidareutvikle gode og levande lokalsamfunn.
3. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at kommuneplanen sin arealdel for Kvam herad i stor grad følgjer retningslinene i *Regional plan for attraktive senter i Hordaland*. Planframlegget bør verte retta opp på følgjande punkt:
 - Definisjon av senterutstrekning av sentera i kommunen i samsvar med regional plan.
 - Omtale og føresegner om lokalisering av handel.
4. Føresegnene til næringsformål, § 2.1.8, opnar opp for detaljhandel i strid med føresegna i Regional plan for attraktive senter. Utval for kultur, idrett og regional utvikling fremjar motsegn til føresegnene knytt til næringsformål. *Motsegna fell bort viss føresegnene vert endra til å vere i tråd med unntaka i føresegna i Regional plan for attraktive senter*
5. Feltet FO4 (forretning) på Evjo ligg utanfor senterområde og opnar opp for detaljhandel i strid med retningslinjer og føresegna 4.1 i *Regional plan for attraktive senter*. Utval for kultur og idrett og regional utvikling fremjar motsegn til formålet. *Motsegna fell bort om formålet vert endra til næring og føresegnene vert endra til å vere i tråd med unntaka i føresegna i Regional plan for attraktive senter*
6. Grunna mogleg konflikt med kommunedelplan for Fv. 7 gjennom Tokagjelet som er under arbeid, fremjar Utval for kultur og idrett og regional utvikling motsegn til kommuneplanens arealdel mot dei nye felta med formål næring N42, N43 og N67.
7. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner akvakultur i stor grad er ivaretatt i planframlegget frå Kvam kommune. Lokaliteten vist sør for Kvamsøy er i konflikt med omsynssone 530 – friluftsliv og regionalt viktig område i Regional kystsoneplan for Sunnhordaland og Ytre Hardanger. Lokaliteten er og i konflikt med kulturminneverdiar.
8. Utval for kultur, idrett og regional utvikling stør vidareføring av ledige akvakulturområde til utprøving av lukka anlegg, nye metodar og andre artar.
9. Utval for kultur, idrett og regional utvikling rår til at det må innarbeidast generelle føresegner knytt til omsyn til kulturminne av lokal, regional og nasjonal interesse.
10. Alle automatisk freda kulturminne bør visast på plankartet som omsynssone d (H730), bandlagt etter kulturminnelova. Omsynssonar for bevaring av kulturmiljø i tråd med kulturminneplan (H570) og for bandlegging må takast med i arealplankart og planføresegner.
11. Det er ikkje gjennomført arkeologiske registreringa i heile kommuneplanen sitt areal. Fylkeskommunen må ta atterhald om nye byggeområde, spreidd busetnad og spreidd næring inntil § 9 i kulturminnelova er oppfylt. Dette gjeld både land- og sjøområde.

12. Den mellomalderske kyrkjegarden i Øystese er eit automatisk freda kulturminne. Innafor mellomalderkyrkjegarden er gravlegging berre tillate i gravfelt som har vore i kontinuerleg bruk etter 1945. Gravfelt som ikkje har vore i bruk etter 1945 skal ikkje brukast til gravlegging. Alle inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan verke inn på det automatisk freda kulturminnet er ikkje tillate med mindre det ligg føre dispensasjon frå kulturminnelova
13. Nedlagde kyrkjestadar frå mellomalderen er og automatisk freda kulturminne. Alle inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan verke inn på det automatisk freda kulturminnet er ikkje tillate med mindre det ligg føre dispensasjon frå kulturminnelova.
14. Utval for kultur og idrett og regional utvikling fremjar motsegn til kommuneplanen arealplan for Kvam herad, 2018-2030, på følgjande punkt:
- a. Akvakultur AK27 - grunna stor konflikt med det overordna kulturlandskapet og fjorden som historisk og førhistorisk lei. *Motsegn fell bort dersom akvakulturområdet vert tatt ut av planforslaget eller at ny plassering/omfang tek omsyn til dei kjende kulturminneverdiane i området*
 - b. Arealføremål OPT50 – utviding av aldersheim i Øystese - grunna konflikt med automatisk freda kulturminne kyrkjestad frå mellomalder id 97444. *Motsegn fell bort dersom avgrensinga av arealføremålet OPT50 vert lagt utanfor kulturminnet id 97444 med sikringssone.*
 - c. Sentrumsføremål S8 Straumshaugen - grunna konflikt med automatisk freda kulturminne og uavklarte kulturminne. *Motsegn fell bort om S8 vert teken ut av planen i si noverande form og ny arealbruk sikrar gravminnet.*
 - d. Næringsområda ved Ljonesvågen N17/N18 og N20 - grunna konflikt med automatisk freda kulturminne og uavklarte kulturminne. *Motsegn fell bort om N18 og N20 vert tatt ut av planen.*
 - e. F18 vist som framtidig fritidsbusetnad - grunna konflikt med automatisk freda kulturminne og uavklarte kulturminne. *Motsegn fell bort om ein tar F18 ut av planen*
 - f. Kulturminneplan for Kvam» med røter og føter i Kvam, kommunedelplan for kulturminne 2017-2027 har prioriterte kulturminne. Desse må visast på kart med omsynssoner. *Motsegn fell bort når kommuneplankartet er retta opp.*
 - g. Automatisk freda kulturminne er ikkje vist på forslag til plankart. *Motsegn fell bort når automatisk freda kulturminne vert vist som omsynssone d, bandlagt etter kulturminnelova, jf. pbl § 11-8, d (SOSI-kode H730)*

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 21.08.2018

Sara Hamre Sekkingstad (Sp) sette på vegne av Sp, KrF og A frem slikt forslag:

«Saka vert utsett. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om synfaring før endeleg vedtak»

Røysting

Sekkingstad sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Saka vert utsett. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om synfaring før endeleg vedtak

Ingrid Holm Svendsen
Kst. fylkesrådmann

Bård Sandal
Fylkesdirektør regional utvikling

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 05.07.2018

1. Bakgrunn

Kommunen skal ha ein samla kommuneplan som omfattar samfunnsdel med handlingsdel og arealdel. Samfunnsdelen skal fungere som grunnlag for kommuneplanens arealdel og drøfte dei langsiktige utfordringane i kommunen, og gje mål og strategiar for framtidig utvikling.

Kommuneplanens arealdel er kommunens styringsreiskap for arealforvaltning og arealutviklinga i kommunen. Gjennom kommuneplanen set kommunen fast arealbruk, omsynssoner og føresegner for arealbruken i kommunen.

Den gjeldande samfunnsdelen til Kvam kommune (2015-2030) vart vedteken i 2015. I samband med vedtak av kommunens planstrategi i 2016 vart det slått fast at samfunnsdelen frå 2015 skulle leggjast til grunn for det vidare arbeidet med kommuneplanens arealdel.

Kvam kommune har sendt kommuneplanens arealdel på høyring med frist 30.06.2018. Fylkeskommunen har fått utsett frist grunna politisk handsaming til 24.08.2018. Hordaland fylkeskommune vurderer planen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar. Kultur – og ressursutvalet kan gje fråsegn og fremje motsegn til planen dersom viktige regionale og nasjonale interesser står på spel.

Planen er oversiktlig og gjer godt greie for dei plangrepa kommunen legg opp til. Kommunen har lagt ned eit godt arbeid for å etablere eit brukarvenleg nettbasert arealplankart med tilgjengeleg informasjon og har lukkast godt med dette. Planskildringa gjev god informasjon og føresegnene er godt strukturert. Det har vore ein god dialog gjennom heile planprosessen, mellom anna har kommunen nytta regionalt planforum for å få innspel i prosessen.

Fylkeskommunen må ta atterhald om alle byggeområde i planen til undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova er oppfylt. Dette gjeld både land og sjøområde.

Når motsegn blir fremma må kommunen endre planen, som regel etter å ha drøfta problemstillingar og løysingar i møte med fylkeskommunen. Dei fleste motsegnene blir avklart i møte med kommunen, men dersom det ikkje blir semje vil planen gå til mekling hos Fylkesmannen i Hordaland.

Dersom faglege tilrådingar om motsegn på bakgrunn av nasjonale kulturminneinteresser ikkje vert fylgt opp av politiske organ i fylkeskommunen, skal fylkeskommunen gje melding om dette til Riksantikvaren som kan fremja motsegn i saka. (jf. Forskrift til Kulturminnelova kap. 1, § 3)

1.1 Planprosess og medverknad

Kvam kommune har hatt planen til drøfting i regionalt planforum to gonger. Ved oppstart vart planprogrammet drøfta i regionalt planforum den 19.mars 2013. Hordaland fylkeskommune gav innspel til oppstart og planprogrammet i brev av 17. 04 2013 og med supplerande merknader til oppstartsvarselet sendt 5.09.2013. I fråsegna til oppstartsvarselet og planprogrammet vart det mellom anna nemnd at både *regional kystsonenplan for Sunnhordaland og Ytre Hardanger*, samt *regional plan for attraktive senter*, var under utarbeiding og sannsynligvis ville få innverknad på planarbeidet. Det var også nemnd at freda kulturminner måtte visast på plankartet med omsynssone d, og at kulturminne som ikkje er freda men har klar verneverdi bør visast på plankartet med omsynssone c.

Relevante problemstillingar og prinsipp for arealdelen vart drøfta undervegs i planprosessen i regionalt planforum den 21.februar 2017. Det vart kommentert at arbeidet med kommuneplanen følgjer opp samfunnsplanen og regionale planar på ein positiv måte med fokus på samordna areal- og transportforvaltning.

Frå fylkeskommunen si side vart det peika på viktigeita av å definere sentrumsavgrensing og kva type handel det vert tilrettelagd for her. Det var og påpeika at forslaget burde ta høgde for føringane i *Regional kystsonenplan for Sunnhordland og ytre Hardanger* som då var på avgrensa høyring, og at Kvamsøylokaliteten akvakultur kunne komme i konflikt med «arealsone landskap» i denne. Fylkeskonservatoren framheva behovet for kulturhistoriske analysar som underlag for å ta gode vurderingar knytt til ny utvikling.

2. Innhald i planen

I dette avsnittet blir innhaldet i planforslaget kort referert, utan vurdering av konsekvensar for regionale interesser

2.1 Samfunnsdel

Kvam kommune vedtok samfunnsdelen i 2015. Samfunnsdelen gjeld for perioden 2015-2030. Kommunen har føreteke rullering av samfunnsdelen parallelt med utarbeiding av arealdelen, og revidert samfunnsdel vart vedteken i 2015. I samfunnsdelen frå 2015 er det definert satsingsområde som skal fremje Kvam som ein attraktiv kommune; mellom anna senter- og stadsutvikling bygd på lokal eigenart, variert bustadstilbod, trafikksikker og effektiv infrastruktur, tilrettelegging for innovasjon og entreprenørskap i næringslivet og høg livskvalitet.

2.2 Arealdel

Gjeldande kommuneplan for Kvam er frå 2006. Kommunens gjeldande arealplan er regulert gjennom tre arealplankart, kommunedelplan for Norheimsund (2002-20014), kommunedelplan for Kvamskogen (2010 - 2020), og kommuneplanens arealdel (2006-2014). Eit av måla med den rulleringa av den nye kommuneplanen er å innarbeide kommunedelplan for Norheimsund inn i den nye kommuneplanen slik at det vert eit meir heilskapleg kart for heile kommunens areal.

Sida oppstart med planprogram i 2013 har det skjedd endringar på regionalt og nasjonalt nivå, og eit ikkje oppdatert planprogram kan slå uheldig ut for planprosessen. Nye regionale planar og statlege planretningslinjer har verte utarbeida, mens framlegget til KPA tek berre til ein viss grad opp i seg desse.

Tema for rulleringa av kommuneplanens arealdel er stadsutvikling, bustad, livskvalitet, næring og infrastruktur. For tema bustad har kommunen hatt mål om å konsentrere bustader mot sentrale område i kommunen samstundes som det vert lagt opp til noko utvikling og vedlikehaldsvekst i grendene. For tema næring har kommunen hatt mål om å leggje til rette for næringsareal som kan være med på å sikre nye arbeidsplassar i kommunen basert på vidareutvikling av eksisterande verksemder samt for innovasjon og entreprenørskap. Kommunen har rydda opp i gjeldande reguleringsplanar og vurdert kva slags planar som skal vidareførast, kva planer som skal vidareførast med endringar, og i kva tilfelle den nye kommuneplanens arealdel skal gå føre reguleringsplanar.

Arealdelen av kommuneplanen består av følgjande dokument:

- Plankart- juridisk bindande
- Føresegner- juridisk bindande
- Planskildring
- Konsekvensutgreiing
- Ros-analyse

Plankart.

Plankartet er utforma som digitalt kart. Dette ligg på kommunens [nettsider](#).

Føresegner

Føresegnene er heimla i plan- og bygningslova. Gjennom dei generelle føresegnene vert det mellom anna gjeve føresegner for plankrav, rekkjefølgjekrav, dokumentasjon av tiltak, utbyggingsavtalar, krav til parkering, støy, veg og samferdsle, teknisk infrastruktur m.m.

Planskildring

Gjennom planskildringa gjev kommunen informasjon om bakgrunnen for planarbeidet, organisering og prosess. Måla og behova til kommunen vert definert, og silingskriterier og plangrep vert skildra.

Konsekvensutgreiing og ROS analyse

I konsekvensutgreiinga vurderer kommunen konsekvensane av ny arealbruk knytt til eit mangfold av kriterier. Kommunen skal gje ei samla vurdering om innspelt arealbruk bør takast med i den vidare prosessen. I ROS analysen kommunen skal vurdere risiko og sårbarheit for nye areal med omsyn til mellom anna skred, flom, springflo, ekstremnedbør, auka havnivå og skog/lyngbrann.

3.Vurdering av regionale interesser

I dette avsnittet vurderer vi i kva grad regionale interesser er ivaretatt i planen. Det er lagt mest vekt på tema som planen ikkje har teke tilstrekkeleg omsyn til og som har vore sentrale i tidlegare innspel.

3.1 Generelt om planen - planfaglege innspel

Arealdelens koplingar til kommuneplanens samfunnsdel.

I samfunnsdelen til kommuneplanen var tema stadsutvikling, kommunikasjon og infrastruktur, verdiskaping og livskvalitet definert som satsingsfelt som kommunen skulle fokusere på i samfunnsutviklinga. Temaområda livskvalitet, bustad, arbeid/ næring og infrastruktur er teke med i det vidare arbeidet med arealdelen i kommuneplanen.

Vurdering:

Kommunen har jobba godt med å vidareføre satsingsfelt frå samfunnsplanen i kommuneplanens arealdel. Satsingsfelt frå samfunnsplanen er tydeleg definert og kommunen har i stor grad haldt fast ved dei strategiane i samfunnsplanen og vidareført strategiane gjennom arealbruken i kommuneplanens arealdel.

Dialog og medverknad

Kvam kommune har hatt planen til drøfting i regionalt planforum i oppstartsfasa og undervegs i planprosessen. Det er positivt at kommunen har nytta planforum og lagt opp til god dialog med andre forvaltningsorgan i planprosessen.

Planframlegget er knapp i skildringa av prosess og korleis dei har sikra medverking frå innbyggjarar og involverte aktørar. Det vert oppgitt at det kom inn i underkant av 400 private innspel, som har vore vurdert. Omfanget tydar på at kommunen har hatt prosessar for medverknad og dialog med innbyggjarane og andre i planprosessen, sjølv om det ikkje framkjem frå planskildringa.

Arealstrategiar og siling av innkomne merknader

Skildringa i kap. 3 syner til 9 strategiar knytt til framtidig arealforvaltning; *senterutvikling, utnytting av landbruk- natur- og friluftsområde, industri og næringsareal, funksjonell strandsone, område for akvakultur, gjennomgang av gamle reguleringsplanar, veg til Tolomarka, Hardangertunnell og massedeponi*. I første

omgang vart dei private innspela vurdert opp mot kommunen sine utvalde tema i kommuneplanen og arealstrategiane:

Innspel som openbart eller kunne vere i samsvar med arealstrategiane vart vurdert i høve til arealstrategiane, konsekvensutgreiing (KU) og risiko og sårbarheit (ROS). Til slutt er alle innspela vurdert opp mot kommunen si trong for utbygging. Einskilde innspel har såleis vorte tilrådd etter KU og ROS. Men ut ifrå ei samla vurdering av behov har forslaget likevel ikkje vorte teke inn i plankartet. Det er i desse tilfella vurdert at andre område er betre eigna for utbygging.

Vurdering:

Fylkesrådmannen vil rose kommunen for å kjøre en open samlingsprosess av innkomne private innspel, referert til under pk. 3.10 i planskildringa: *Vurdering av private innspel*. Her kjem det fram at arealstrategiane har vore førande i vurdering av private innspel, og opplistinga av innspela med vurdering synar at heradet har grundig vurdert innspelet og grunngeve korfor det er verte avvist.

Planskildring

Plan og bygningslova definerer planskildring som ein del av den juridiske planen, og denne skal gjera greie for korleis nasjonale mål og retningslinjer, og overordna planar for arealbruk, er ivarettatt.

Vurdering:

Planskildringa er fylldig, ryddig og gjer god informasjon og gode grunngevingar for dei vala som er gjort og korleis desse er kopla til nasjonale og regionale føringar. Omsynet til statlege og regionale føringar og interesser, vurdering av ulike alternativ og grunngeving for arealbruken m.m. kjem tydeleg fram i skildringa.

Plankart

Kommunen har utvikla ei god og informativ kartløyising som gjev det offentlege og publikum relevant arealinformasjon, både oversiktsinformasjon og detaljinformasjon om aktuelle plantema.

Vurdering:

Kartløyisinga er framtidsretta og eit verdifult arbeid både for kommunen, for regionale og statlege etatar, for næringsliv og andre. Det er positivt at alt sjøareal inngår i arealplanen.

Føresegner og retningslinjer

Føresegnene er juridisk bindande og har ei viktig rolle for å sikra ei kontrollert og planlagt utvikling.

Vurdering:

Det er sikra gode føresegner til planen, og bruken av omsynssoner er synt i føresegnene. Koplinga mellom føresegner, planskildring og arealkart er tydeleg, veldefinert og forståeleg. Føresegnene er tydeleg heimla i plan- og bygningslova. Men som nemnd ovanfor under temaet plankart, manglar juridisk verktøy for å sikra kulturminner også i føresegnene, med unntak i § 2.4.7 kor omsynet til stølær er langt på veg sikra. Fylkesrådmannen rår til at det må innarbeidast generelle føresegner knytt til omsyn til kulturminne av lokal, regional og nasjonal interesse.

Konsekvensutgreiing og Risikoanalyse (ROS)

Konsekvensanalysen og ROS analysen ligg føre i eit samla dokument. I konsekvensutgreiinga har kommunen vurdert konsekvensane av ny arealbruk knytt til i mot naturverdiar/biologisk mangfald, jord- og skogressursar, kulturminne/fornminne, landskap/grønstruktur/kulturlandskap, friluftsliv og funksjonell strandsone. For kvart nye innspel har kommunen gjeve ei samla vurdering om innspelt arealbruk bør takast med i den vidare prosessen.

I ROS analysen har kommunen vurdert risiko og sårbarheit for nye areal med omsyn til mellom anna skred, flom, ras, ekstremver, ureining og støy, radon, brann, ulukker, uheldig samlokalisering. Ros-analysen er vurdert saman med funna i konsekvensutgreiinga samt opp mot *relevante samfunnstema* definert som

tettstadsutvikling, folkehelse, teknisk infrastruktur, kollektivtransport/gang- og sykkel, kommunale tjenestetilbod og økonomi, næringsliv og sysselsetting, transport, born og unge samd universell utforming, og gjeve ei samla vurdering om innspelt arealbruk for å få ei heilskapleg vurdering av dei innspelte areala.

Vurdering:

Konsekvensutgreiinga og ROS-analysen er saman med skriftlig vurdering av relevante samfunnstema utfyllande og tek føre seg endringane i arealføremål områdevis. Tilrådingane frå konsekvensutgreiinga er i stor grad følgd i planforslaget. Fylkesrådmannen saknar likevel vurdering av konsekvensar knytt til strandsona; ved springflo og auka havnivå.

3. 2 Senterutvikling

Senterstruktur og sentrumsavgrensing

Hordaland fylkeskommune arbeidar aktivt for å styrke kvaliteten ved byar og tettstader som vitale handelsstader og gode, trygge og vakre møtestader for kulturelt og sosialt samvær. Byar og tettstader er viktige knutepunkt i kommunane og kan fungere som eit samlande symbol for ein kommune. Gjennom *Regional plan for attraktive senter* vert Norheimsund definert som regionsenter for kommunane Kvam og Jondal.

Senterstruktur er eit hovudtema i kommuneplanen til Kvam. Gjennom planskildringa drøfter kommunen ei senterstruktur med Norheimsund som kommune- og regionsenter, Øystese, Strandebarm og Ålvik som lokalsenter, og Tørvikbygd som nærsenter. I plankartet er deler av Norheimsund, Øystese Strandebarm og Ålvik regulert med sentrumsføremål. Kommunen legg vekt på at ny utvikling i hovudsak skal skje som fortetting og vidareutvikling av eksisterande busetnad i strekket mellom Øystese og Norheimsund.



Utsnitt av plankartet for regionsenteret Norheimsund

Vurdering:

Kvam herad har som mål å utvikle eit sterkt regionsenter og lokalsentre. Fylkesrådmannen vil rose Kvam for ein tydeleg senterstruktur og utvikling av dei ulike tettstadane. Planen legg vekt på at utviklinga i størst mogleg grad skal unngå å bidra til negative verknader for miljø og klima. Oppfølginga av denne målsetting finn ein att i tilrettelegginga for konsentrert busetting og bærekraftige transportløyningar i senterområda. Areal- og transportplanlegging skal sjåast i samheng, og bustadutbygging skal først og fremst finne stad langs viktige aksar for kollektiv, sykkel og gange. Bustadbygging i lokalsentra skal konsentrerast innanfor gå- og sykkelavstand. Ein slik utvikling vil være i tråd med nasjonale og regionale retningslinjer for samordna areal- og transportplanlegging, samt bidra til å skape attraktive og sterke lokalsentra.

Regional plan for attraktive senter i Hordaland (Senterplanen) definerer ein hierarkisk senterstruktur med fylkessenter, regionsenter, kommunesenter, lokalsenter og nærsenter. Retningslinje 1.1 i Senterplanen seier at desse skal innarbeidast i kommuneplanarbeidet. Senterplanen legg vidare føringar for innhald i dei ulike senternivå. Fylkesrådmannen meiner senter og definering av senterstruktur er godt drøfta i planarbeidet, men saknar ei definert sentrumsutstrekning nedfelt i plankartet. Senterplanen gjev og føringar for at sentrumsutstrekning skal fastsettast i kommune(del) plan eller reguleringsplan for sentrum, gjennom retningslinje 2.3. Kommunen bør leggja desse til grunn og fastsetja ei sentrumsutstrekning, og leggja føringar for innhald i senter. I Øystese og Norheimsund er det føremål for sentrum i gjeldande reguleringsplaner som i hovudsak er nytta for å avgrensa sentrum.

Fylkesrådmannen saknar likevel ei tydelegare drøfting og grunngjeving for sentrumsavgrensing i alle sentra i kommunen. Illustrasjonane vist innledningvis i planskildringa som synar estimert gang- og sykkelavstand frå senter, kunne vore anvendt som underlag for ein slik type avgrensing. Fylkesrådmannen oppfattar at diagramma er utforma gjennom kunnskap innhenta analytisk og i målingar i terreng, og har eit god pedagogisk uttrykk. Utstrekningen vist i diagramma kan med fordel nedfellast som sentrumsavgrensing i sjølve plankartet.

Gjennom føresegnene vert gjeldande reguleringsplan for Norheimsund og deler av Øystese vidareført, medan kommunedelplan for Norheimsund vert innlemma i KPA. Det er positivt at føresegnene i § 1.1 har plankrav for areal sett av til framtidig bygg og anlegg etter pbl § 11-7 nr.1, sentrumsområde, områder med fortettingspotensial, noverande ubebygde større bustadområde og områder for fritidsbustader, samt for større veganlegg, som bidrar til heilskapleg utvikling.

3.3 Handel

Senterplanens retningsline 4.3 set slikt krav til kommuneplanar: «Behov for handel skal vere tema i kommuneplanens arealdel». Handel er et viktig tema i senterområder som ikkje er behandla særskilt i planframlegget. Fylkesrådmannen oppmodar til å sjå heilskapleg på temaet handel for å styre lokalisering og dimensjonering av handelstilbod. Kommuneplanen kan vere eit godt reiskap for å fordele nytt handelsareal mellom sentra i heradet, gjennom ei klår prioritering av mengde handelsareal og typologi av vareslag. Fylkesrådmannen rår til at det vert gjort ei analyse av eksisterande og behov for nytt handelsareal, og syner til fylkeskommunens eigen mal og statistikk knytt til detaljvarehandel som finnast tilgjengeleg på våre nettsider statistikk.ivist.no

Føresegner om handel

Frå føresegnene § 2.1.4 kjem det fram at forretning er *tillate* i sentrumsformål. I samsvar med Senterplanen, skal detaljhandel verte lokalisert i sentrum. Felta avsett til næringsformål har følgande føresegn knytt til seg jf. § 2.1.8: *I område for næring kan det etablerast bygningar og tiltak for industri, handverk, lager med tilhøyrande tekniske anlegg, vegar, parkering og anna fellesareal. Det er ikkje høve til å etablere utsal for daglegvarehandel, som t.d. matvarer, apotek, klede og lignande.* Fylkesrådmannens vurdering er at føresegna må jamførast med regional retningsliner kor det kjem tydeligare fram at berre detaljhandel knytt til industri vert tillate i område avsett til næring. Den regionale føresegna er ikkje meint å hindre utsal i mindre skala av lokal-produserte varer direkte frå produsent på produksjonsstaden, t.d. gardsbutikkar og fabrikkutsal.

Vurdering:

Det bør tydeligere inn føresegnene til planen at detaljhandel skal lokalisert i senter eller bustadkonsentrasjonar. Vidare må det komme fram at det er krav om samtykkehandsaming når etableringar gjer at handelsareal i plan eller ved tiltak overstig 3000m². Det er krav om handelsanalyse som grunnlag for samtykkehandsaming. Føresegn(er) om handel i tråd med Senterplanen bør innarbeidast, kor unntaksvarar i tråd med den regionale planen og vert definert.

Fylkesrådmannens forslag til reviderte handelsføresegner:

Nytt bruksareal for detaljhandel er berre tillate i sentera definert i kommuneplanen; Norheimsund, Øystese Strandebarm og Ålvik.

Nytt bruksareal for detaljhandel skal vere innanfor sentrumsutstrekninga definert i kommunal plan. Der det ikkje er fastsett ei sentrumsutstrekning, gjeld følgjande retningsgivande utstrekning:

- *Kommunesenter: inntil 600m*
- *Lokalsenter og nærsenter: tilbod bør i høg grad konsentrerast*

Dersom nytt eller samla bruksareal for detaljhandel i reguleringsplan eller ved søknad om byggjeløyve/rammeløyve overstig 3.000 m² krevst det samtykke frå fylkeskommunen. Tiltaket skal vere i samsvar med hovudmål i Regional plan for attraktive senter i Hordaland. Samla bruksareal for detaljhandel i sentrum skal vere i samsvar med senteret sitt nivå i senterstrukturen og det omlandet som er definert i regional plan eller i kommuneplan vedtatt etter 10.12.2014. Det blir kravd handelsanalyse for å vurdere samtykke.

Det gjeld unntak for:


- Ny eller utvida detaljhandel med opptil 3.000 m² samla bruksareal lokalisert i bustadkonsentrasjonar eller i nærsenter.

- Ny detaljhandel kor vareutvalet i hovudsak er bilar, båtar, landbruksmaskinar, trelast og større byggjevarar, samt utsal frå hagesenter og større planteskular.

FO4 – forretningsområde på Evjo

Det er avsett eit område avsett til *forretning* på Evjo i Øystese sentrum, som skildrast slik: *Gjeld areal og bygningar for detaljhandel, og omfattar varesal til sluttbruker. Føremålet opnar berre opp for arealkrevjande handel som bilforretningar, møbelvarehus og andre verksemder det ikkje er plass til i sentrumsområde.* Feltet har ikkje føresegn knytt til seg.

Formålet *forretning* lokalisert på Evjo ligger om lag 500 meter frå eksisterande senter i Øystese (definert av kjøpesenteret Tunet)), og vil konkurrere med detaljhandelstilbodet her. Avstanden til senter og telete varekategoriar er i strid med *regional plan for attraktive senter*. Fylkesrådmannen rår difor til at det vert reist motsegn mot dette arealformålet. Vidare vert det rådd til at motsegna fell vekk om formålet vert omgjort til *næring*, med føresegner som opnar for unntaksvarene definert i senterplanen; - *Ny detaljhandel kor vareutvalet i hovudsak er bilar, båtar, landbruksmaskinar, trelast og større byggjevarar, samt utsal frå hagesenter og større planteskular.*



Forretningsområdet Evjo i Øystese

3.4 Samordna areal og transport

Kvam kommune har eit variert landskap frå fjord til høggjell. Dei fleste innbyggjarane i kommunen bur langs kysten i strekket mellom Ålvik og Mundheim, men det er også spreidd busetnad og jordbruksareal. Slike tilhøve kan gjere det utfordrande å arbeide i tråd med nasjonale retningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging.


For å lukkast med å oppnå desse måla er det viktig å planleggje eit utbyggingsmønster som gjer det mogleg å nytte andre transportmoglegheiter enn privatbil. I *Regional plan for attraktive senter* er det eit overordna mål om satsing på senterområde som er tilrettelagt for effektiv og miljøvennleg transport i, til og frå sentrum. Vidare er det i *Regional transportplan* eit mål å endre transportmiddelfordelinga, redusere bilbruk og at mest mogeleg persontrafikk skal skje ved gange, sykkel eller kollektivtransport. For å oppnå dette må ny arealbruk og transport planleggjast i høve til kvarandre og nye bustader må lokaliserast i nærleik til definerte senter og kollektivstopp med frekvent tilbod. *Den regionale planen for Klima og energi* har retningslinjer som gjer at fortetting skal vektleggast framfor nye spreidde bustadareal. Skal ein lukkast med dei nasjonale og regionale målsetjingane er det viktig at kommunane følgjer opp i sin arealpolitikk og unngår spreiding av bustadområder.

Utbyggingsmønster for bustad

Eit sentralt tema i kommuneplanen til Kvam har vore ei gjennomgang av arealreserven i kommunen. I gjeldande kommuneplan ligg det dels store, ubygde byggeområde spreidd i kommunen. Gjennom kommuneplanen er det gjort ein stor jobb med å sile ut bustadareal som ikkje lenger samsvarer med dei strategiane kommunen har for framtidig utbyggingsmønster. Det er sett fokus på å sentralisere bustadområde og redusere areal sett av til bustad som ligg usestralt plassert. Det er også gjort ein grundig jobb med å gå gjennom gjeldande reguleringsplaner vurdere korleis desse føler opp dagens krav.

Det er viktig at kommunen bygger opp om ein struktur som gjer det enkelt å ta seg fram til viktige målpunkt med buss, sykkel eller gange. Dei nye bustadareala som vert teke inn i kommuneplanen er i hovudsak konsentrert kring Øystese og Norheimsund. Dette er ein god strategi for å redusere bruk av privatbil mest mogleg. Rundt Øystese og Norheimsund er det mogleg å legge til rette for god tilkomst til busstilbod og handel og service. Utfordringa blir å inkludere Ålvik og Omastranda, og skape samanbindingar mellom dei ulike tettstadane i kommunen. Det er omlag 6 km mellom Norheimsund og Øystese, men vegtilhøva og eit avgrensa busstilbod gjer at dei fleste reisene vil vere bilbasert. For unge og eldre som ikkje har tilgang på bil, kan avstanden og manglande tilrettelegging for andre reisealternativ by på utfordringar.

Kvam herad har gjort eit grundig arbeid med å kartlegge gå- og sykkelavstandane i Norheimsund og Øystese frå senter. Dette er framstilt på ein enkel og pedagogisk måte i skildringa, og analysane følgjes opp i plankartet med blanda funksjoner og konsentrert busetnad i desse områda:



Gåavstandar i frå Norheimsund sentrum

Mørk grøn -5 min

Lys grøn -10 min

Lys brun - 15 min

Illustrasjon av kartlagde soner for gåavstand i Norheimsund sentrum

Vurdering:

Fylkesrådmannen er positiv til at planen i stor grad er i tråd med mål og retningslinjer i *Regional areal- og transportplan*, ved at kommunen prioriterer fortetting og utbygging i lokale vekstsoner definert i kommuneplanen. Samstundes er det positivt at planen leggje opp til å oppretthalde gode og levande lokalsamfunn. Det er gjort ein vurdering av bustadbehovet i kommunen og slik planen no ligg føre, har kommunen tilstrekkeleg kapasitet til å dekkje behovet for nye, sentralt plasserte og attraktive bustadfelt i kommunen. Vi har mindre merknader til følgjande felt som vert regulert til bustad i kommuneplanen:

B80 Hardangerfjordvegen

Feltet ligger ca. 4 km frå Norheimsund, og ca. 2 km frå Øystese, som utgjer ein akseptabel sykkelavstand. Utfordringa med feltet er at han dannar eit samanhengande felt med busetnad langs sjø og soleis bryt grønstruktur som strekk seg frå fjord til fjell. Fylkeskommunen er generelt positiv til at det fortettast langs eksisterande infrastruktur, men meiner det er viktig å oppretthalde nokre felt ubebygde som lar naturen strekkje seg frå fjell til fjord. Det kjem det biologiske mangfaldet til gode, sikrar god tilgjengelige til viktige friluftsområde for allmenta, og er viktig for landskapsbilete.



Utsnitt av plankart for B80 Hardangerfjordvegen

Landbruk

Fylkesrådmannen saknar ei oversikt som syner kor mykje jordbruksareal (LNFR) område som vert omdisponert til busetnad. Planskildringa seier at jordvernet står sterkt, samstundes som det vert opna for utviing av bustadar og fritidsbustadar, og spreidd næring.

LNF-Spreidd bustad

Saman med sentralisering av bustadområde har kommunen hatt fokus på at det skal være mogeleg med utvikling og vedlikehaldsvekst i grendene og at det skal finnast løysingar som reduserer talet dispensasjonar knytt til LNF/ LNF-S områda. Kommunen har gått gjennom areala for LNF/ LNF-S med mellom anna nye avgrensingar for LNF-S som er vurdert opp mot omsynet til jordvern. I areal for LNF-S er det totalt opna opp for ei kvote med totalt 27 nye einingar, i områder som ikkje er omfatta av regulerte bustadfelt langs med eksisterande infrastruktur og busetnad. Eksisterande bygg som ligger i LNF-område, men ikkje er tilknytt eit gardsbruk, er lista opp som LNF-S gjennom ein tabell i føresegnene, og det skal ikkje førast opp nye bygg i desse områda.

Eit for stort omfang for spreidd utbyggingsmønster er i strid med arealpolitiske retningslinje for areal og transport. Etter retningslinje i regional klimaplan skal ein vekteggje fortetting framfor nye areal for LNF-spreidd og vurdere den ledige kapasiteten i eksisterande byggjeområde opp mot det behovet kommunen har for nye bustader i landbruksområde. Ved å opne for mykje bustader i LNF spreidd vil mange stader i kommunen etterkvart få ei utbygging som i liten grad er i samsvar med intensjonen med LNF-føremålet, og som samstundes ikkje er heilskapleg planlagt slik som bustadområde er.

Vurdering:

Fylkesrådmannen er generelt kritisk til ein omfattande bruk av føremål for LNF-Spreidd i kommuneplanens arealdel, men ser at Kvam har gjort gode berekningar av framtidig behov i framtida og gjeve eit relativt nøkternt handlingsrom for spreidd bustadbygging (27 einingar), i hovudsak knytt til grendene. Områda som er sett av til LNF-S i kommuneplanen er i stor grad avgrensa både gjennom formål i plankartet og gjennom føresegnene.


LNF-Spreidd næring

Tilleggsnæringer til tradisjonelt jordbruk vert vist som spreidd næring, med føresetnad om at tilleggsnæring ikkje skal skiljast ifrå hovudbruket. Det er i hovudsak utleieeiningar som det vert opna for, til saman 33 einingar i tillegg til eksisterande gardsturisme på Steinstø, felt SN16.

Vurdering:

Omfattande bruk av føremål for LNF-Spreidd i kommuneplanens arealdel er sjeldan foreneleg med omsynet til jordvern, men fylkesrådmannen ser at Kvam har intensjonar om utvikling av jordbruk og turisme, knytt til eksisterande gardsdrift. Areal avsett til *spreidd næring* gjer eit relativt nøkternt handlingsrom for spreia næringsutvikling, og . Områda som er sett av til LNF-S i kommuneplanen er i stor grad avgrensa både gjennom formål i plankartet og gjennom føresegnene.

Fylkesrådmannen stiller seg likevel kritisk til felta SN13 og SN 14 som fell inn under omsynssona 510 – *viktig for landbruk*, av fleire omsyn. Til SN13 går det i dag ikkje veg, og etablering av utleieeiningar her vil krevje terrengingrep både for tilkomstveg og nye bustadeiningar. Nye felt med buseting i etablert landbruksområde stykker opp drivverdig jorbruksareal på ein uheldig måte som på sikt kan redusere kvalitetane som gjer det mogleg å drive landbruk her. Fylkesrådmannen rår difor i frå at desse områda leggst ut som LNFR-S; spreidd næring:



SN 13 og SN14 – Rykkje

3.5 Næringsutvikling

Næringsområder:


Kvam kommune har mykje pendling ut av kommunen til arbeidsplassar i nabokommunane. For å sikre attraktivitet for etablering av næring har kommunen gjennom samfunnsplanen definert mål som mellom anna gjev at kommunen skal ha ledige næringsareal tilgjengeleg. Dei nye næringsareala som vert teke inn i kommuneplanen er spreidd i nær sagt alle bygdene, og skjer i hovudsak som utviing av eksisterande areal og nokre nye areal, samt ein god del nye næringsareal på land knytt til oppdrettsanlegg på sjøen. Rundt Øystese og Norheimsund er det mogleg å legge til rette for god tilkomst til busstilbod og handel og service.

Vurdering:

Fylkesrådmannen er positiv til at planen i stor grad er i tråd med mål og retningslinjer i *Regional areal- og transportplan*, ved at kommunen prioriterer fortetting og utbygging i lokale vekstsoner definert i kommuneplanen. Det er gjort ein vurdering av næringsbehovet i kommunen, og planframlegget har tatt opp i seg tilstrekkeleg kapasitet til å dekkje behovet for utvida virke i eksisterande bedrifter og tilrettelegging for nye, samt at handel er lokalisert til senterområdet. Vi har mindre merknader til følgande felt som vert avsett til næring i kommuneplanen:

Næringsområder i Steinsdalen

Fylkesrådmannen rår i frå formålet N 66 då denne er omkransa av LNFR-område og soleis bør ha formål som stør opp under jordbruksføremål.



Utsnitt frå plankart som syner næringsformål og offentlig formål i Steinsdalen

3.6 Barn og unges interesser

Barn og unge sine oppvekstkår er vurdert under «relevante samfunnstema» i konsekvensutgreiinga og kommuneplanen har føresegner med krav om uteareal for barn og unge.

Fylkesrådmannen vil presisere at det er viktig at planlegginga tek omsyn til barn og unge i planlegginga. Det er positivt at det vert opna for at areal brattare enn 1:30 kan verte nytta som uteopphaldsareal for bustad dersom det har særskilte kvalitetar. Det er og gjeve rekkjefølgjekrav som sikrar at detalj – og områdereuleringsplanar av bustadområde skal ha ferdigstilte leikeplassar og fellesareal før dei vert teke i bruk. Føresegnene sikrar erstatningsareal dersom areal som er i bruk av barn og unge skal takast i bruk. Erstatningsareala skal sikrast i nærområda, ha trygg tilkomst, tilsvarende storleik og sikrast nyttast til same bruk.

3.7 Fylkeskommunal eigedom

Fylkesrådmannen er opptatt av å ivareta Kvam vidaregåande sine interesser ved evt. framtidig flytting til sentrum av Norheimsund:

1) Uteareal:

Elevane må sikrast nok tilgang på uteareal slik at elevane kan gjera lettare fysiske aktivitetar, ha uteundervisning og elles ha ein del samlande aktivitetar i kvardagen. Kvam vgs ser på det som uheldig om skulen må anvende uteareal samstundes med Norheimsund Barneskule, men er positiv til sambruk med alle i nærleiken i form av park og anna uteområde.

2) Parkering:

Kvam vgs er ein stor arbeidsplass og har tilsette frå heile kommune, og har behov for tilgang på egne parkeringsplassar til dei tilsette. I tillegg har skulen om lag 250 elevar der mange elevar kjem til skulen med moped/bilar/syklar/traktorar. Skulen har også egne bilar, tilhengarar, traktorar og minibussar som treng oppstillingsplass tett opp mot skulen.

3) Varelevering

Kvam vgs treng nok areal til levering av stål, gass, kantinevarer og anna vareleveransar.

4) Formål i plankartet. Fylkesrådmannen rår til at for feltet OPT36 skal dagens formål *offentleg* verte kombinert med *næring*, då skolen vil vurdere moglegheit for sal av busetnad ved flytting til Norheimsund sentrum.

3.8 Landskap og friluftsliv

Frå Kvam herads kulturminneplan (på høyring juni 2018) skildrast Kvam slik: «*Ein hage ved fjorden*», *heiter det ein stad om Kvam. Edellauvskogen veks frodigare her enn nokon annan stad i landet, og klimaet er korkje for varmt eller for tørt om sommaren eller for kaldt om vinteren. Den langstrekke kommunen ligg vendt mot sør, med solrike lier under bratte berg.*

Fykkesund, ytre Samlafjorden, Hissfjorden og store delar av dei andre delane av kystlandskapet i Kvam herad fell inn under landskapstypologien *Midtre bygder på Vestlandet* vidare definert som *Breie fjordløp, fjordmøter og opne fjordmunningar med stor verdi.*

Inn frå kysten og mot vest er det gode forhold for landbruk, før terrenget stig bratt opp til Kvamskogen og møter grensa til Samnanger kommune. Områda er kategorisert som *Lågfjellet i Sør-Norge* med *vanlig, middels og høg verdi*, og dei er for ein stor del dekkja av omsynssoner for natur- og friluftsliv.

Landskap og friluftsliv er ivareteken gjennom konsekvensutgreiinga av innspela, og i den samla vurderinga for kvart område. Viktige grønstrukturer er teken med som ein del av vurderingskriteriene.

3.9 Strandsone

Fylkesrådmannen ser positivt på at kommunen har gjort ei kartlegging av funksjonell strandsone, og at det berre i avgrensa grad er lagt ut nye formål for fritidsbustad langs strandsona. Det er positivt at det er lagt ut få nye område til naust og småbåthamn i funksjonell strandsone.

3.10 Folkehelse

Folkehelseomsyna til planlegging er gjennomgåande godt ivareteke av Kvam kommune. Overordna mål frå kommuneplanen sin samfunnsdel skal sikre gode folkehelseperspektiv. Framlegget til areal del viser at omsyna i dei overordna måla er ført med vidare. Det er positivt at kommunen vektlegg at alle som bur i kommunen skal oppleve høg livskvalitet, og at kommunen har eit breitt fokus på barn og unge sine oppvekstvilkår.

Kommunen uttaler at det er gjort vurdering av folkehelseomsyn opp mot planen og at konklusjonen er at innretninga i arealdelen er positiv for folkehelse. Det er veldig bra at kommunen har føreteke vurderingar innan dette feltet. Det går ikkje fram korleis slike vurderingar er gjennomførde og kva omsyn som er tillagt vekt. Samtidig viser kommunen til at vurderingar knytt til støy og ulykker er meir negative. Dette er også ein del av bildet når det gjeld vurdering av omsyn til folkehelsa for befolkninga i Kvam.

3.11 Klima og energi

Transport er det viktigaste temaet innanfor klima i kommunar utanfor dei store byane, og tema som foretting og gang- og sykkel er omtalt og langt på veg ivareteken i framlegget. For temaet klimatilpassing er faresoner for flaum og ras kartlagt og del av ROS.

3.12 Samferdsel


Planframlegget syner vilje til utvikle eit sterkt regionsenter og lokalsentre, samstundes som infrastruktur mot Bergen og i Hardanger vert framheva. Planen legg vekt på at utviklinga skal minimere behovet for motorisert transport, gjennom tilrettelegging for konsentrert busetting og bærekraftige transportløyser i senterområda. Dette støtter opp om nasjonale og regionale retningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging.

Samstundes har Kvam herad fokus på å utvide arbeidsmarknadsregionen i Bergen, og det vert mellom anna vist til at ein Hardangertunell vil gjere dette raskare og enklare. Ein slikt vegløyving vil venteleg føre til auka klimautslepp frå transportsektoren, og det kan stillast spørsmål til om ein slik utvikling gagnar samfunnet og målet om reduksjon av utslepp frå transportsektoren.

Utbetring av FV7 - Tokagjelet


Den 8. mai vart det varsla oppstart av arbeidet med kommunedelplan for Fv 7 forbi Tokagjelet, og fylkeskommunen vil kome med eigen høyringsuttale i saka. Grunna stor rasfare er ny vegtrasé høgt prioritert, og fylkesrådmannen vil minne om at rassikring er bakgrunnen for prosjektet. I planomtalen er prosjektet omtalt som Hardangertunellen, og tunell-løysinga mellom Steinsdalen og Samnanger vert via stor merksemd. Det er riktig at planområdet strekk seg frå Steinsdalen til Frøland og at ei av strekningane omhandlar det lange alternativet (Hardangertunellen). Fylkeskommunen finn det likevel misvisande å omtale prosjektet som *Hardangertunellen*.

Statens vegvesen har i samarbeid med Kvam herad og Samnanger kommune sett på ulike alternativ for framtidig trasé, og etter ein silingsprosess sitt ein igjen med følgjande alternativ for tunellpågogg i Steinsdalen:



Figur 7: Påhoggsalternativ på ned-/austsida av Tokagjelet. For alternativ B-2 presiserast det at det er to variantar innanfor same alternativ. Val mellom variantane vert gjort i arbeidet med kommunedelplan.

Kvam herad har i arealkartet for Steinsdalen lagt inn forslag til nye felt for industri. Nokre av desse felta vil kome i konflikt med tunellpågogg for ny tunell gjennom Tokagjelet, og det er difor naudsynt å vente med arealfastsettinga inntil lokalisering av tunellpågogg er avklart. Fylkeskommunen rår til å avvente IA5 og OPT 38 då desse areala kan kome i konflikt med eit eventuelt val av A-4 traséen.



Utsnitt av plankart over Steinsdalen

Alternativa A5, B1 og B2 er alle aktuelle alternativ for tunellpåkbygg. Dei nye arealforslaga N42, N43 og N67 vil venteleg kome i konflikt med vegløyninga som vert valt. Fylkesrådmannen rår kommunen til å ta dei ut av arealplanen inntil val av vegløyninga for Tokagjelet er fastsett. Grunna konflikt med kommunedelplan for Fv. 7 gjennom Tokagjelet som er under arbeid rår fylkesrådmannen til å fremje motsegn mot dei nye felta N42, N43 og N67.

Tilhøva for mjuke trafikantar over Kvamskogen er i dag svært utrygge, og det er behov for etablere trygge løysingar i næraste framtid. Det pågår eit arbeid for å utbetre forholda, og ei forenkla gang-sykkelveg mellom NAF og Ungdomsheimen er under vurdering. Det er og behov for å sikre areal for mjuke trafikantar på vegstrekninga mellom NAF og Eikedalen. Tilbod for gåande og syklande må sjåast i samanheng med val av tunellalternativ forbi Tokagjelet og kva trafikkutvikling ein kan vente seg over Kvamskogen i framtida.

Veg til Tolomarka (Fv 130)

Kvam herad ønskjer å utbetre fv 130. Fleire moglegheiter har vore vurdert, og kommunen finn at opprusting av eksisterande vegtrasé er å føretrekke. Det er utarbeida eit forprosjektert ein veg med fortau i eksisterande trasé frå Norheimsund til Tolomarka. Fylkeskommunen står overfor store investeringsbehov på fylkesvegnettet der målet om å stoppe veksten i forfallet har høgast prioritet. Vi har forståing for ønsket om å betre vegtilhøva mot Tolomarka, men vil poengtere at finansieringa av eit slikt prosjekt er svært uviss. Strekninga er ikkje omtalt i *Regional Transportplan 2018-2029 (RTP)* eller i *Investeringsprogrammet for RTP*.

Tørvikbygd fergjekai

Fylkeskommunen har saman med Statens vegvesen og kommunen vore i ein lengre prosess for å betre forholda ved Tørvikbygd fergjekai. Kaiarealet har ikkje kapasitet til å handtere biloppstilling på forsvarleg vis på travle dagar, og det er behov for å utbetre tilhøva for mjuke trafikantar med tanke på trafikksikring. Endringar i fergjetilbodet vil og bidra til å auke det framtidig arealbehovet. Infrastruktur for elektriske ferjer og fleire biloppstillingsplasser ved innføring av nye ferjer med større kapasitet vil krevje omdisponering av arealet kring dagens fergjekai. Fylkeskommunen ber om at Kvam herad markere eit *føresegnssområde* eller *omsynssone* på plankartet med føresegn som bind kringliggande areal til framtidig naudsynt utviding av ferjearealet. Utfylling av sjø kan og vere eit alternativ for framtidig utviding av areal knytt til ferjetilbodet.

3.13 Mineralressursar

Massedeponi

Det går fram av planskildringa om massedeponi, at overskotsmassar av stein frå store infrastrukturtiltak er nytta som fyllmasse fleire stader i kommunen for å opparbeide areal til ulike bruks- og byggjeformål. Det går også fram at det er tenkt å bruke overskotsmassar frå komande infrastrukturtiltak til fleire slike samfunnsnyttige bruksformål. Massedeponi er også tema i forslag til planprogram Fv. 7 Tokagjelet.

I store delar av kommunen tilseier berggrunnen at overskotsmassane ikkje kan brukast til så mykje anna enn slike fyllmassar. Unntak er områda nordaustover frå Fykkesund og på Ljones, der berggrunnen kan gje overskotsmassar som kanskje kan vidareforedlast til meir høgverdige byggjeråstoff av pukk og grus.

Råstoffutvinning

I planomtalen av dei ulike arealkategoriene er det under kapittel 5.1 (Bygg og anlegg, pbl § 11-7 pkt 1), omtalt at det ikkje er sett av nye område til råstoffutvinning i planen. Dei tre områda som er regulert til råstoffutvinning i kommunen gjeld uttak av naturstein, blant anna Haukeli-lokaliteten (RU2), som er nemnt i teksten. Skrotstein frå slike uttak kan vere eigna som «fyllmassar».

Det følgjer av plan- og bygningslova (§ 11-7) at kommuneplanen sin arealdel i nødvendig utstrekning skal vise areal for råstoffutvinning, noko som også må omfatte byggjeråstoffa pukk og grus. I dei nasjonale forventningane til regional og lokal planlegging (2015) er det forventa at fylkeskommunane og kommunane sikrar tilgjenge til gode mineralreservar for mogleg utvinning og veg dette opp mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser. Behovet for og tilgangen til byggjeråstoff skal sjåast i ein regional samanheng.

Det går ikkje fram av planforslaget korleis behovet for byggjeråstoffa pukk og grus - som det trengs relativt mykje av - er tenkt dekkja i kommunen. Fleire og fleire kommunar ser ut til å setje masseforvaltning av stein- og jordmassar og gjenbruk av slike massar på dagsorden, som eit meir heilskapleg plantema, noko ein nok vil sjå meir av i åra framover mot overgangen til lågutsleppssamfunnet.

3.14 Akvakultur

I Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging heiter det mellom anna at «Fylkeskommunene og kommunene sikrer tilstrekkelig areal til fiskeri- og havbruksnæringen i kystsonenplanleggingen, og avveier dette mot miljøhensyn og andre samfunnsinteresser. Det er rådmannen si oppfatning at kommunen med utgangspunkt i dei nasjonale forventningane til kommunal planlegging baserer sitt planforslag på prinsippa om berekraftig utvikling samstundes som dei skal legge til rette for tilstrekkeleg med areal for akvakultur.

Stortingsmelding 16 (2014-2015) om *Forutsigbar og miljømessig bærekraftig vekst i norsk lakse- og ørrettoppdrett*, står det mellom anna at «den regionale og kommunale arealplanlegginga er viktig for å sikre dei langsiktige arealbehova i fiskeri- og havbruksnæringane», og at «samtidig som ein set av nok areal til framtidig havbruk, må ein optimalisere bruken av allereie tildelt areal, og ein må leggje vekt på miljøomsyn».

I Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017 er havbruksnæringa trekt fram som bransje med særskilt fokus. Havbruksnæringa er viktig for verdiskaping og sysselsetting i distrikta. Næringa har potensiale for vekst og utvikling og fylkeskommunen ønskjer å leggje til rette gode rammevilkår. Areal til produksjon av sjømat er ein viktig faktor. I Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland 2018-2019 er eit av innsatsområda innan marin sektor «å sikre næringa areal for berekraftig vekst og utvikling.»

Akvakultur er ei stor næring i kommunen, og p.t. er det gjeve løyve til matfiskproduksjon av laks og aure ved i alt 10 sjølokalitetar. I tillegg er det etablert tre landbaserte anlegg for produksjon av yngel og settefisk av laks og aure, og på Bakka ligg lakseslakteri og fiskeforedling. Vidare er eit anlegg for dyrking av tare og eit anlegg for dyrking av blåskjel etablert. Mange personar er tilsett i desse verksemdene. I lys av storleiken havbruksnæringa har i Kvam og kva betydning den har for kommunen, meiner fylkeskommunen at det er viktig å leggje til rette for næringa. Ein avgjerande faktor for å kunne utnytte havbruksnæringa sitt produksjonspotensial er tilgang på eigna areal til sjømatproduksjon, og at areala som vert sett av til dette formålet, vert utnytta på ein best mogleg måte.

Etter akvakulturlova sine §§ 6 og 15 fyrste ledd kan det ikkje gjevast løyve i strid med vedtekte arealplanar etter plan- og bygningslova. Dette er vidareført i laksetildelingsforskrifta § 30 bokstav d og marinfiskforskrifta

§ 7 bokstav d, der det går fram at lokalitet for akvakultur kan klarerast dersom det ikkje er i strid med vedtekne arealplanar etter plan- og bygningslova. Det same vil gjelde for endringar på allereie tildelte lokalitetar. Heile oppdrettsanlegget i overflata inklusiv fôrflåte, fortøyingar og ankerfeste må i planen liggje i areal som er planlagt for dette føremålet.

Regional kystsoneplan

Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger vart vedtatt i Fylkestinget i oktober 2017. Planen har som hovudmål at kystsona skal nyttast i balanse mellom bruk og vern av areal- og naturressursar og medverka til ei berekraftig samfunns- og næringsutvikling til beste for innbyggjarane og miljøet. Planen har retningslinjer for planlegging og plankart som synleggjer retningslinjene. Plankartet viser mellom anna område for akvakultur og regionalt viktige område for landskap, natur, friluftsliv og kulturminne. Planen er no til handsaming i Kommunal- og moderniseringsdepartementet grunna vesentlege innvendingar frå fem av kommunane til mål og retningslinjer i planen.

Akvakultur i kommuneplan for Kvam

Strukturen på akvakulturlokalitetane er i stor grad endra i frå den gjeldande planen frå 2006. Akvakulturformål der det ligg anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure er justerte og utvida i samsvar med lokalitetsklareringa etter akvakulturlova, og utvida for å gje plass til å skifte ut og justere anleggsplasseringa. Fleire små og ubrukte akvakulturområde er tatt ut av planen. Nokre er tatt vare på til utprøving av lukka anlegg, nye metodar eller eventuelle andre artar. Eksisterande oppdrettslokalitetar er også styrka med næringsområde på land.


Areal kring eksisterande oppdrettsanlegg

Sjøområda som vert sett av til AK-område kring eksisterande anlegg bør vera store nok til å dekke behovet for å skifte ut og justere anleggsplassering. Blir områda små kan dette vanskeleggjere anleggs- og fortøyingutsifting innanfor arealplanen, og ein vil kunne få søknad om dispensasjon frå planen ved mindre endringar på lokaliteten. Dette vil vera uheldig i tilfelle der verksemdar vil skifta ut eldre anlegg med nyare og til dømes meir rømmingssikre installasjonar. På sikt vil det på grunn av dette bli vanskelegare å drive anlegga på ein miljømessig berekraftig måte.

Akvakulturformål er justerte og utvida i samsvar med lokalitetsklareringa, og utvida for å gje plass til å skifte ut og justere anleggsplasseringa. Dette vil sikre naudsynt fleksibilitet for eksisterande verksemd, som utviding av anlegg og utskifting av anleggsdelar og endringar til annan type anlegg. Hovuddelen av sakene som har vore handsama som dispensasjon frå arealplanar har nettopp vore på allereie etablerte lokalitetar.

Nye akvakulturområde

I plankartet er lagt inn to nye akvakulturområde, sør for Kvamsøy og ved Lingaholmane. Område sør for Kvamsøy er mellom anna planlagt som erstatning for visningsanlegget på lokalitet Rossholmen ved Steinstø, som er teken ut i planframlegget. Nytt akvakulturområde ved Lingaholmane er planlagt som ei flytting lenger utifrå land og erstatning for anlegget som er plassert på lokalitet Aplavika.




Lingaholmane

Vurdering

Akvakulturområdet ved Lingaholmane vil truleg vera betre egna enn der anlegget ligg i dag, medan akvakulturområdet ved Kvamsøy møter på større utfordringar. Lokaliteten fell delvis inn under «arealsone landskapsområde» i Regional kystsoneplan, som viser regionalt viktige område for landskap, naturfriluftsliv og kulturminne. Retningslinene seier at nye areal for akvakultur innanfor denne arealsona i hovudsak ikkje skal tillatast. Vidare ligger lokaliteten inne i kommuneplanens eigen omsynssone 530 - «viktig for friluftsliv», kor det i retningslinene § 3.1.4 framkjem at ...*Naturkvaliteter og verdiar knytt til friluftsliv og barn og unge sin bruk av uteområder skal bevarast og tilgjenge for ålmenta skal ivaretakast.*

Fylkesrådmannen er kritisk til etablering av akvakulturanlegg AK27. Lokaliteten utfordrar intensjonane i den regionale kystsoneplanen då han delvis ligg inne i arealsona landskap.

Akvakulturområde ved Kvamsøy er utfordrande i høve til kulturminne og kulturlandskap, meir om dette under punkt 3.17



Til venstre nytt akvakulturområde sør for Kvamsøy, til høyre illustrasjon av lokaliteten i høve til regionalt område for landskap, friluftsliv, natur og kulturminne i Regional kystsoneplan for Sunnhordaland og Ytre Hardanger.

Akvakulturområde ved Vardanes

Ved Vardanes er det gjeve akvakulturløyve til dyrking av tare innanfor areal avsett til akvakultur i gjeldande plan. I planframlegget er akvakulturområdet redusert slik at delar av anlegget vert liggjande utanfor AK-

område. For dette området må Ak-område justerast, og som eit minimum må godkjent anlegg liggje innafør område sett av til akvakultur.

3.15 Vilt og innlandsfisk

Naturmangfald – spesielt haustbare viltartar

Fylkeskommunen har i oppgåve å sikre bestandane av dei haustbare artane av vilt og innlandsfisk, og har som planmyndigheit ei viktig rolle i å ta vare på artane sine leveområde.

Kunnskapsgrunnlaget og vurderingane som er lagt til grunn i planframlegget synest å vere tilstrekkeleg i forhold til naturinngrepa på dette planstadiet. Fylkesrådmannen har ikkje spesielle merknader til planforslaget i forhold til haustbare artar.

3.16 Arkitektur og estetikk

Omgjevnader med høg estetisk eller arkitektonisk verdi påverkar menneska som oppheld seg der og kan verke inspirerande og fremje trivsel i kvardagen. Kvalitet i bustadområde er meir utfordrande i sentrum enn elles, og utbygging i sentrumsområdet må vurderast nøye med omsyn til lys, vind, støy og forureining. Det er sett krav til detaljplan i sentrumsområde, slik at nemnde forhold over vil verte vurdert før ny utbygging.

3.17 Kulturminne og kulturmiljø

Hordaland fylkeskommune har vurdert forslag til arealplan som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern. Kulturminne og kulturmiljø er ein ikkje-fornybar ressurs som skal vernast i en heilskapleg miljø- og ressursforvaltning. Både som vitenskapleg kjeldemateriale og synlege element i omgjevnadane, skal desse ressursane gje varig grunnlag for nålevande og framtidige generasjonar sin kunnskap om kulturarv.

Omsynet til kulturminne skal sikrast i all lokal, regional og nasjonal utvikling og arealplanlegging. Kommunane har hovudansvaret for å identifisere, verdsetje og forvalte verneverdige kulturminne i tråd med nasjonale mål, jf. dei nasjonale forventningane kommunal og regional planlegging. Kvam herad har lagt ned eit omfattande arbeid i planprosessen. Kvam herad er rikt på fornminne og summen av arealkonfliktar er liten.

Fylkesrådmannen viser til at grunnlagsmaterialet lagt ut i saka har enkelte manglar med omsyn til framtidig arealbruk. Bruken av konsekvensutgreiing er etter fylkesrådmannen vurdering ikkje konsistent. Der omfattande konflikt er påvist kan ikkje Kvam herad rå til ny arealbruk utan å gå grundigare inn i konfliktnivå og vise avbøtande tiltak. Fleire tiltak kjem i kontakt med kulturminne Hordaland fylkeskommune har forvaltningsansvar for.

Riksantikvaren har gjeve innspel til forvaltningsområda der direktoratet er fagmynde, her gjeld dette dei automatisk freda kyrkjestader frå mellomalderen. Bergens Sjøfartsmuseum sitt ansvarsområde er marine kulturminne og omfattar derfor sjø- og strandområda, samt vann og vassdrag. Bergens Sjøfartsmuseum gjev etter forskrifta til kulturminneloven marinarkeologisk fråsegn i høve tiltak som råkar sjøbotnen.

Plankart

Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at omsynet til kulturminne er tilstrekkelig ivaretatt da omsynssone for kulturminne ikkje er lagt inn i plankartet. Frå planskildringa går det fram at kommunen arbeider med kommunedelplan for kulturminne, men den er ikkje ferdigstilt (på høyring juni 2018), og at viktige kulturmiljø og kulturminne vil verte vurdert på nytt under høyringsperioden til kommuneplanens arealdel. Vidare opplysast det om at det er teke omsyn til kjente kulturminne og kulturmiljø i arbeidet med å angi nye arealføremål i planen.

Kulturminneplan for Kvam» med røter og føter i Kvam, kommunedelplan for kulturminne 2017-2027 har prioriterte kulturminne. Desse må visast på kart med omsynssoner. *Motsegn fell bort når kommuneplankartet er retta opp*

Fylkesrådmannen ber om at alle automatisk freda kulturminne visast på plankartet som omsynssone *d* (H730), bandlagt etter kulturminnelova og går *til motsegn* om ikkje det vert gjort. Omsynssonar for bevaring av kulturmiljø i tråd med kulturminneplan (H570) og for bandlegging bør takast med i arealplankart og planføresegner.

Konsekvensutgreiing - kulturminne

Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at omsynet til kulturminne er tilstrekkelig utgreidd eller ivaretatt da kunnskap frå arbeid med kulturminneplanen er ikkje brukt systematisk i kulturminnetema under konsekvensutgreiinga. I nokre få område er viktig kulturminne fanget opp i konsekvensutgreiinga og tatt omsyn til, som for eksempel det såkalla Hansanaust ved ferjekai i Tørvikbygd. I fleire tilfelle peike konsekvensutgreiinga på stor grad av konflikt mellom nytt arealbruk og kulturminnetema, men det er ikkje tatt omsyn til dette eller foreslått avbøtande tiltak.

Fleire tiltak og anlegg er konsekvensutgreidd i planframlegget, men ikkje tilrådd og vist i ny KPA. Fylkesrådmannen viser til at desse ikkje er vurdert med omsyn til kulturminneverdiar. Eventuelle endringar med omsyn til tiltak gjer det naudsynt med ny høyring av KPA

Omsynssoner pbl §11-8

I planomtale til kommuneplan, s. 28, er det eit mål at viktige kulturmiljø får eigne omsynssonar før endelig vedtak av arealdelen. Det er viktig at kommunen gjer dette før arealplan vert vedteken, slik at viktige kulturminne vert gjort synleg og det vert enklare å forvalte kulturminneinteressene opp mot andre interesse.

Alle automatisk freda kulturminne skal visast på plankartet som omsynssone *d*, bandlagt etter kulturminnelova, jf. pbl § 11-8, d (SOSI-kode H730), og fylkesrådmannen rår til motsegn om at dette ikkje vert retta opp. Kulturminne og kulturmiljø som ikkje er freda kan òg ha verneverdi. Kulturminneplanen trekker fram fleire viktige kulturminne for Kvam herad. Desse bør visast på plankartet som omsynssone *c*, jf. pbl § 11-8, c (bevaring av kulturmiljø SOSI-kode H570).

Omsynssoner skal i utgangspunktet kombinerast med arealføremål som ikkje opnar for nye tiltak, til dømes LNF. Omsynsonene må vere store nok til at dei ikkje berre sikrar enkeltobjekt, men også omfattar dei omgjevnadene rundt kulturminnet på ein måte som sikrar kulturmiljøet.

Retningslinjer for omsynssone *c* for bevaring av kulturmiljø (SOSI-kode H570) som sikrar verneføremål og føresegnar for omsynssone *d* bandlegging etter kulturminnelova (SOSI-kode H730) er ikkje integrert i planføresegnene. Dette må takast med i planføresegnene.

Omsynssone *d* (SOSI-kode H730) – forslag til føresegnar:

- I omsynssone *d* er det automatisk freda kulturminne. Arealet er bandlagt etter kulturminnelova § 4, jf. § 6. Tiltak eller inngrep som kan øydeleggje, skade, tildekke eller på annan måte utilbørleg skjemma kulturminnet mellombels eller permanent er ikkje tillate, jf. kulturminnelova § 3. Tiltak som kan ha innverknad på automatisk freda kulturminne skal leggjast fram for Hordaland fylkeskommune, jf. kulturminnelova §§ 3 og 8.»

Omsynssone *c* (SOSI-kode H570) – forslag til retningslinjer

- Ved utarbeiding av reguleringsplanar og gjennomføring av tiltak på enkeltobjekt eller område innafor omsynssone kulturmiljø skal kulturhistoriske og antikvariske verdiar takast vare på og sikrast. Nye tiltak skal ivareta omsynet til kulturminne/kulturmiljø/kulturlandskap i området. Saker som gjeld tiltak i omsynssona som kan råka kulturminne av regional og nasjonal interesse skal sendast Hordaland fylkeskommune for vurdering.

Generelle føresegnar

Dei generelle føresegnene er viktige for å få sikra omsynet til kulturminneinteressene jf. pbl § 11-9, nr. 7. Fylkesrådmannen ber difor om at ein i dei generelle føresegnene får inn at:

- Kulturminne og kulturmiljø skal vera ein integrert del av planlegging og søknad om tiltak. I all arealplanlegging skal kulturminnemiljø dokumenterast og det skal visast til korleis ein har søkt å ivareta dette gjennom planforslag og plantiltak.
- Verneverdige einskildbygningar og kulturmiljø og andre kulturminne skal i størst mogleg grad takast vare på som bruksressurs og verta sett i stand.
- Det skal dokumenterast at nye tiltak ikkje fører til skade eller utilbørleg skjemming av verneverdige kulturminne og kulturmiljø. Dersom kulturminne av regional og nasjonal interesse kan bli råka, skal saka leggjast fram for Fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune som regional kulturminnemynde.

LNF-spreidd bustad

Eksisterande busetnad i LNF-område skal visast som spreidd busetnad med føresegner som gjer det lettare med påbygg, tilbygg, garasje mm. Fylkeskommunen saknar føresegner knytt til slik tiltak som sikre verneverdig kulturminne og tilpassing til omgjevnad.

Konsekvensutgreiing ny arealbruk

Planframlegget har i varierende grad gjort ei tilstrekkeleg konsekvensutgreiing. Dette har komplisert arbeid med fråsegn og ført til eit høgare konfliktnivå enn naudsynt. Hordaland fylkeskommune skal som delegert kulturminnemynde – gje fråsegn til alle areala som er med i framlegg til plan og dei som administrativt ikkje er tilrådd.

01. Ålvik

Det er KU vurdert i alt 9 tiltak her. Ingen av dei nye tiltaka er i konflikt med kjente automatisk freda kulturminne, korkje gjennom arealbruk eller utilbørleg skjemming. Fylkesrådmannen ser likevel at kommuneplanen sin arealdel legg opp til stor auke i akvakultur både gjennom utvidingar og nyanlegg. Desse har manglar i utgreiinga med omsyn til utilbørleg skjemming av kulturminne og kulturlandskap. Andre tiltak som Damvegen har alt vore handsama som tiltak i fjorden, forlenginga vil difor i mindre grad vurderast som skjemmande, men vil måtte få krav om avklaring opp i mot kulturminneverdiane i området.

02. Fykse

Kommuneplanen sin arealdel legg opp til å utviding av akvakultur anlegg AK19 ved Vardaneset I - Tare. Fylkeskommunen viser til at dette er eit særdeles viktig del av fjordlandskapet. Områda på Vardaneset og Nanes er også viktige fornminneområde, der kulturminna ligg tett mot fjorden. Kulturminneverdiane er svært store i området og potensialet for utilbørleg skjemming etter kulturminnelova er difor svært stor. Fylkesrådmannen legg til grunn kommunen si vurdering av plassering og vurderer denne som mindre konfliktfull.

03. Soldal

Det er vist til fire tiltak i denne delen av arealplanen. Ut i frå kjennskap til automatisk freda kulturminne er ingen av tiltaka i konflikt.


04. Øystese

I Øystese er det lagt fram 28 nye område med endra bruk - to av desse er i konflikt med automatisk freda kulturminne. Dette gjeld områda for akvakultur AK27 og område for offentleg og privat tenesteyting OPT50. Desse er kvar på sitt vis i konflikt med omsyn til automatisk freda kulturminne. Akvakultur ved Kvamsøy får stor negativ innverknad på områda rund Kvamsøy, Tjuvholmen og inne på fastlandet. Gravrøysene på Kvamsøy og Tjuvholmen ligg plassert på øyane for å signalisere ut i fjorden. Lik eins har vetestaden på Samlen vore signal til bygdelaga i Kvam. Fjordlandskapet er her sentralt, det er opent og unikt.



Foto av Kvamsøy, Tjuvholmen og Bjelkanes sett i frå Fykse på veg opp til Bjørkeveten (HFK)

Fjorden og innseglinga i førhistorisk tid inn til Øystese og Norheimsund har vore eit sentral del av den førhistorisk bruken i regionen. Her er eit svært stort tal automatisk freda kulturminne og her går og skiljet mellom ytre og indre Samlafjorden. Fjorden er sentral i kulturlandskapet, der vetestadane Bjørkeveten i Kvam og Samlaveten i Jondal deler fjordlandskapet opp, men samstundes står i relasjon til vetane på Varaldsøy. Øystese og Herand har vore leidangsområde med kjende nausttuffer frå mellomalder. Det førhistoriske fjordlandskapet viser att i bronsealderøysene langs fjorden.



Kart over kulturminnepunkt og AK 27 i Ytre Samlafjorden.

Akvakultur AK 27 ligg ca. 650 meter sør for Kvamsøy. Storleiken på sona som er avsett til akvakultur er vel 1000x200 meter og vil vera svært eksponert i høve til fjernverknad på kulturminne og landskapet. Konsekvensutgreiinga drøfter ikkje visuell verknad eller omfang av konflikt. Ei passering i ein av dei viktigaste delane av fjordlandskapet i Hardanger skulle vore vurdert betre enn det konsekvensutgreiinga gjer. Fylkesrådmannen viser vidare til pt. 2.5.1 i føresegnene, der ulike tilleggsfunksjonane knytt til akvakultur vil kunne kome i konflikt med dei nasjonale og regionale kulturminneverdiane i området. Fylkesrådmannen vurderer at føreslått volum og overflatestrukturar vil verka sterkt negativt inn på opplevinga av fjordlandskapet.

Fylkesrådmannen rår til motsegn til AK27 grunna stor konflikt med det overordna kulturlandskapet og fjorden som historisk og førhistorisk lei.

Offentleg formål OPT50 i Øystese

Arealplanen legg opp til utviding av offentlig areal i samband med eksisterande aldersheim. Forvaltning av mellomalderkyrkjegardane er lagt til Riksantikvaren: «Arealbruksendringa, frå landbruk-, natur og friluftsområde, LNF, til offentlig/privat tenesteyting, som det vert lagt opp til innafor planareal OPT50 er i konflikt med den delen av Øystese gamle kyrkjestad som pr. i dag er utan moderne inngrep. Arealføremålet, offentlig/privat tenesteyting, opnar for omfattande tiltak som lite truleg vil kunne ivareta omsynet til kulturminnet på ein for kulturminneforvaltninga tilfredsstillande måte». Utviding av aldersheimen er i direkte konflikt med gravplass frå mellomalder og den fyrste kyrkjestaden i Øystese. Konsekvensutgreiinga viser sterk negativ verknad og skulle slik ikkje vore tilrådd. Fylkesrådmannen rår difor til å fremje motsegn til OPT50.

05. Norheimsund

Straumshaugen S8

Kvam herad legg opp til fortetting og endra arealbruk på Straumshaugen S8, her ligg også gravhaugen ID 97503. Konsekvensutgreiinga viser at planlagt arealbruk får stor negativ konsekvens. Skildring av bustadområdet og illustrasjonsmaterialet i konsekvensutgreiinga viser at ynskt arealbruk er i konflikt med automatisk freda kulturminne. Gravhaugen er einaste attverande av mange i frå denne delen av Norheimsund. Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at Kvam herad si vurdering legg tilstrekkeleg tyngd i drøftinga og rår difor til å fremje motsegn til S8.

B63 Sjurabakkane

Området B63 som er spelt inn som framtidig bustadområde er mykje eksponert og ligg tett ved gravminnet ID 97443 Gullurdi. Deler av området som er lagt fram har og funn av no fjerna gravleggingar. Fylkesrådmannen viser til Rådmannen i Kvam si vurdering av innspel og føreslått avkorting av arealet – etter vårt syn vil også denne delen av arealet ha potensiale for funn av automatisk freda kulturminne. Fylkesrådmannen legg til grunn at reguleringsplan vil kunne avklare eventuelle kulturminneverdiar.

06. Steinsdalen

Planframlegget viser fire tiltaksområde. Ingen av areala er i konflikt med kjente automatisk freda kulturminne. Det er likevel kjent funn og fjerna førhistoriske graver i områda ved N43. Fylkesrådmannen legg til grunn at reguleringsplanar for området vil avklare kulturminneverdiane.

07. Vikøy

Ingen kjende konfliktar med automatisk freda kulturminne. Det er likevel eit høgt kulturminnepotensiale i dei ulike områda. Fylkesrådmannen viser til at ein ved etablering av ny arealbruk ikkje har avklart tilhøvet til eventuelle automatisk freda kulturminne, og vil difor varsle eit generelt atterhald om automatisk freda kulturminne og bustadareal og område for spreidd busetnad.

08. Tørvikbygd

Av dei tilrådde tiltaka er det ikkje kjent konflikt med automatisk freda kulturminne.


Bergens Sjøfartsmuseum viser til at dei har gjennomført marinarknologiske undersøkingar ved Tørvikbygd ferjekai. Det er mellom anna eldre fortøyningsboltar i området som me ynskjer blir tekne omsyn til ved utbygging i området, sjølv om desse ikkje har noko formelt vern.

09. Innstranda

Her er i alt elleve tiltak, tre av desse er i konflikt med kjente automatisk freda kulturminne. Fleire av tiltaksområda har og eit stort potensiale for funn av freda kulturminne. Fylkesrådmannen viser til at ein gjennom reguleringsplan kan avklara eventuelle kulturminneverdiar. Når det gjeld areal for spreidd bustad må ein gjennom dialog med Fylkeskonservatoren få avklart kva prosess som vil gjelde for kvart enkelt område.

N17/N18 og N20 ligg alle ved Ljonesvågen, av desse ligg N20 i direkte konflikt med lokalitet frå steinbrukande tid ID 97451. N18 ligg i strandsona nedafor kulturminnet og vil bryta med samanhengane i landskapet. Fylkesrådmannen viser til at etablering av næringsareal N20 er i konflikt med automatisk freda kulturminne og etablering av næring i N18 vil vera utilbørleg skjemma. Arealbruken er i konflikt med ein buplass frå steinalder. Det er ikkje påvist andre slike i Kvam og kulturminnet er særskilt viktig. Fylkesrådmannen rår til å fremja motsegn til N18 og N20 i kommuneplanen.

F18 er lagt fram som framtidig fritidsbusetnad. I dag er her ei hytte som ligg tett ved gravrøys ID 97453. Denne ligg slik at det alt er gjort eldre skader på fornminnet. Å endre eigendomen frå LNF til framtidig fritidsbusetnad vil opna for tiltak i tråd med ny arealstatus i nærføring til kulturminnet. Fylkesrådmannen rår derfor å fremme motsegn til denne endringa.



Kartutsnitt over Ljonesvågen

Bergens Sjøfartsmuseum:

- AK 14: Eit visst potensial for kulturminne grunna Skottehandelområde ved Ljonestangen. Fortøyningar på anlegget kan få begrensingar/krav om undersøking
- N 17, 18, 20: Eit visst potensial for kulturminne grunna nærleik til Skottehandelområde ved Ljonestangen.

10. Strandebarm

For denne delen av Kvam er det konsekvensutgreidd 26 nye tiltaksområde. Ingen av desse er i direkte konflikt med automatisk freda kulturminne. Kommuneplanen viser ein trase for gangveg i Strandebarm. Denne går i eit område som kan ha potensiale for funn av automatisk freda kulturminne.

Bergens Sjøfartsmuseum

- SBH 6: Fylkesrådmannen er kjent med at det har vore hamn nytta til handel med tømmer under Skottehandeltida. Høgt potensial for maritime kulturminne i området.
- AK 12: Svært djupt i området, et visst potensial grunna trelasthandel under Skottehandeltida (SBH 6)
- Selstein-Bakka-ytre Børsheim: Det har vore Skottehandel også her. Fylkesrådmannen er generelt negativ til å fjerna 25 meters byggjegrænse i sjø i dette området. Marinarkeologiske undersøkingar ved regulering eller tiltak må påreknast.
- Risa: Eit visst potensial for kulturminne under vatn grunna Skottehandel i nærområda.

11. Oma

Konsekvensutgreiinga viser i alt tolv tiltaksområde i ny arealdel. Ingen av desse ligg i konflikt med kjende automatisk freda kulturminne. Fleire av områda har eit stort potensial for funn av fornminne. Fylkesrådmannen legg til grunn at dette kan avklarast gjennom reguleringsplan og dialog med Fylkeskonservatoren ut i frå synfaringar.

12. Mundheim

Arealplanen viser til åtte nye tiltaksområde. Ut i frå våre arkiv er det ikkje kjent automatisk freda kulturminne i desse.

Bergens Sjøfartsmuseum viser til at AK 2 er eit svært djupt i området, fylkeskonservatoren har ikkje noko i sine arkiv. Det er som resten av Hardangerfjorden, et generelt potensial for marine kulturminne. N3: Fylkesrådmannen kjenner til at det har vore ei hamn i Gravdal som vart nytta til handel med tømmer under Skottehandeltida, og reknar det for å vera et høgt potensial for maritime kulturminne i område. Krav om undersøking må påreknast.

4. Oppsummering

Tema for rulleringa av kommuneplanens arealdel er stadsutvikling, bustad, livskvalitet, næring og infrastruktur. Kommunen har rydda opp i gjeldande reguleringsplanar og vurdert kva slags planar som skal vidareførast, kva planer som skal vidareførast med endringar, og i kva tilfelle den nye kommuneplanens arealdel skal gå føre reguleringsplanar.

Fylkesrådmannen meiner planen er oversiktlig og gjer godt greie for dei plangrepa kommunen legg opp til. Kommunen har lagt ned eit godt arbeid med planframlegget, planskildringa gjev god informasjon og føresegnene er godt strukturert. Med oppstart i 2013 har det har vore ein lang prosess med å få planen i hamn, men det har vore god dialog gjennom heile planprosessen. Mellom anna har kommunen nytta regionalt planforum to gonger for å få innspel i prosessen.

Fylkesrådmannen meiner omsynet til regionale interesser generelt er godt ivaretatt. I planforslaget er det lagt vekt på fortetting og utbygging i vekstsoner definert i kommuneplanen, samstundes som det er eit mål å oppretthalde og vidareutvikle gode og levande lokalsamfunn, noko som er i tråd med mål og retningsliner i Regional areal- og transportplan for Bergensområdet og Regional plan for attraktive senter.

Planen har likevel nokre konfliktpunkt mot regionale interesser når det gjeld sentrumsavgrønsing og handel, akvakultur, kulturminne og kulturmiljø, næring og samferdsel.

Fylkesrådmannen meiner kommunen burde ha framheva arbeidet som er gjort med *kommunedelplan for kulturminne 2017 – 2027* og utgreie korleis kommunen kan ta vare på verneverdige kulturminne/kulturmiljø med stor lokal/regional verdi gjennom kommuneplanens arealdel.